


BJERKREIMS NYTT



INFO TIL BJERKREIMBUEN
NOVEMBER 2024

ORDFØRAREN SITT HJØRNE



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30
Laurdag 10.00 - 14.00

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 19. november kl. 24.00. Bladet kjem i postkassen seinast torsdag 28. november. Skriv kort! Om du vil sende bilet, legg dette i eiga fil. Innsemt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



Stor takk til alle som på ulike måtar var med på årets TV-aksjon; Saman for små heltar. Tala viser at det vart samla inn eit rekordbeløp i Bjerkreim dette året, over 380 000 kroner (inkl. nasjonale bidrag)! Med dette så ligg me høgt oppe både på lokale og nasjonale rangeringar. Ikkje at det er konkurransen som er det viktigaste, men det viser at Bjerkreimsbuen legg mykje i å få til ei god innsamling. Det kan me vera stolte av! Spesiell stor takk til bøsseberarane. Der andre kommunar rapporterer om store utfordringar med å få nok folk til å stille, så opplever me ikkje det her. Mange stiller fleire år på rad.



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

Bjerkreim skule samla åleine inn rundt 40.000. FAU hadde arrangement på kveldstid med basar, loppemarknad, kafé med meir. Skulen vart opna frå kjellar til loft for foreldre, sysken og besteforeldre. Brannbilen vart lufta ført den vart seld, og sirenene fekk køyrd seg av dei som fekk sitja inni! Ein utruleg koseleg ettermiddag! Næringslivet som vart ringde til, var positive og gavmilde. Dei som ikkje vart kontakta, håper eg fann andre moglegeheter til å gje. Så er det og ein komité som skal takkast saman med administrasjonen.

TV-aksjonen feira seg sjølv i år, med 50-års jubileum. Det betyr at det er mange generasjoner som no har, eller har hatt eit forhold til denne store felles dugnaden. Eg hugsar som liten denne dagen som eit av årets høgdepunkt. Det var ei tid med berre NRK som fjernsynskanal, og dermed såg «alle» på sendinga. Det var alltid kjende pop-artistar som opptrødde, og det var stor spenning til sluttresultatet kom. Det var og spenning rundt innsamlinga i Bjerkreim, der ingenting var digitalt og alt vart samla inn med kontantar. Det vart snakka om kor mange tusen-lappar det var det enkelte år, og alltid spekulert kven som hadde gitt desse. Det var statistikk på dei ulike rutene, så kva bøsser dei store lappane låg i gjekk rykta om.

Årets marken er og overstått, ei maratonveke for store deler av bygda. Ny leiar Annette kan klappa seg på skuldra saman med resten av komiteen. Dette vart eit vel gjennomført arrangement. Godt besøk, trass i middels bra ver. Rundt 10.000 når stort og smått vert telt opp. Gode tilbakemeldingar frå utstillarane, som trivst i Bjerkreim. Marken er framleis både som «jul og 17.mai» for skulelevane. Komiteen ynsker både ris og ros, saman med nye idear, velkomne. Planlegginga for 2025 er allereie i gang!

Både marken og tv-aksjonen er samlande arrangement i ei bygd som vår. Det er flott når det vert arrangert møteplassar og arrangement som samlar ulike miljø. Bygdekvinnelaget arrangerte nyleg Damenes aften på Laksebørsen. Eit vellukka arrangement, med god aldersspreiing. Håper det kjem fleire slike. Oppfordrar innbyggjarar til å tenke nytt, og vera med på ein dugnad der me lagar fleire slike opne arrangement. Det treng me.

Vennleg helsing, Tone Vaule

POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Fellesråd for eldre og funksjonshemma:	Måndag 18.11 kl. 13.00
Ungdomsråd:	Måndag 18.11 kl. 16.00
Gruppemøte:	Måndag 18.11 kl. 19.00
Formannskap:	Tysdag 19.11 kl. 16.00
Levekårsutval:	Onsdag 20.11 kl. 19.00
LMT-utval:	Onsdag 20.11 kl. 14.00

FRAMSIDA: Magisk morgenstund rundt Berse med det beste turfølget en kan tenke seg. Fredag 04.10.24 gikk 1. klasse på Bjerkreim skule tur for å samle inn penger til årets TV-aksjon - «Sammen for små helter».

Fotograf: Susanne G. Tengesdal

KULTURSKOLENS VOKSENKURS

Vi gleder oss over å kunne tilby et bredt utvalg av kurs til personer over 18 år bosatt i Bjerkreim kommune.

Kursene går ikke på bekostning av elevplassene til barn og ungdom, som per dags dato er fullbooket, men er tenkt som et selvfinansierende prosjekt.

Kulturskolen ønsker å være en drivkraft i samfunnet, og bidra til et allerede florerende og rikt kulturliv, samt å tilføre nødvendig kunnskap og inspirasjon for at nye ting og ideer kan spire frem.

I ledd av dette, vil våre dyktige faglærere kunne tilby flere ulike kurs for voksne våren 2025 (og høsten 2025)

Påmelding innen 16.12.24 direkte til kulturskolerektor på epost: annvik@bjerkreim.kommune.no

Skann QR kodien og få informasjon om alle de spennende kurstilbudene våre:



FAMILIEFORBEREDENDENDE KURS

Helsestasjonen i Bjerkreim tilbyr familieforberedelseskurs for alle par som er gravide.

Vi vil snakke om ulike tema som kommunikasjon, relasjon, konflikt, forventninger til hverandre og til barnet og hva som skjer når en går fra å være par til å bli en familie.

Kurset er på dagtid fra kl 13 til 15. Dere kan velge mellom følgende datoer: 18.11.24, 17.02.25 og 19.05.25. Påmelding til jordmor eller familieveileder.

Elin.ramsland.friestad@bjerkreim.kommune.no tlf: 404 44 920
Benedikte.myksvoll@bjerkreim.kommune.no tlf: 404 44 956

NYHET! GRATIS FRISKLIVSTRENING

Bjerkreim kommune starter opp med nytt frisklivstilbud:
Gratis gruppetrening!

Praktisk informasjon:

- Oppstart: torsdag 17. oktober 2024 kl. 13:00-14:00
 - Tidspunkt: hver torsdag kl. 13:00-14:00 (følger skoleruta)
 - Sted: treningene gjennomføres som hovedregel utendørs, utenfor Bevegelsesklinikken.
 - Målgruppe: for deg som trenger hjelp til å forbedre helsen og din fysiske form
 - Pris: gratis
- Informasjon om treningene:
• Ledes av fysioterapeuter ved Bevegelsesklinikken:
Erlend Andersen Kinn og/eller Gjertrud Lygren.
• Tilpasses deltakernes nivå, funksjon og alder - dette passer for alle, selv de som aldri har trent før!
• Gjennomføres hovedsakelig utendørs.

Interessert i å være med?

- Send e-post med ditt navn og tlf. nummer til: friskliv@bjerkreim.kommune.no
- OBS: ikke send helseopplysninger på e-post
- Begrenset antall plasser pr. trening

TAKK FOR 25 ÅR!

Takk for over 25 innholdsrike år som lege og Bjerkreimsboer. Som lege hadde jeg alltid pasientene i fokus foran penger. Jeg delte glede og dypeste sorg med dem. Nå er det snart slutt på legelivet, men jeg håper på et godt liv som pensjonist i bygda. Takk for meg, takk for laget og lykke til.
Hilsen Barbara Widera

OFFENTLIG SVØMMING

Velkommen til svømmehallen på Vikeså skule hver lørdag mellom høstferien og påskeferien. Gratis adgang.

Åpningstider:

Kl. 10.00 - 10.45 Voksne over 18 år (garderobe åpen fra 09.45).

Kl. 10.45 - 11.30: Voksne over 18 år.

Kl. 11.30 - 12.15: Åpent for alle (garderobe fra kl. 11.15)

Kl. 12.15 - 13.00: Åpent for alle

Kl. 13.00 - 13.45: Åpent for alle

Lister blir lagt ut i gangen fra kl. 09.45 for å reservere plass på de ulike gruppene. Bor du langt fra bassenget og har vansker med å komme innom på forhånd, kan du ringe 404 44 955 for å reservere tid. Maks antall i voksnegruppene er 15. Maks antall i familiegruppene er 25.

Husk badehette! Bleiebarn må bruke badebleie, dette kan man eventuelt få kjøpt fra badevaktene.

EGENBEREDSKAPSUKA

Egenberedskapsuken arrangeres over hele landet 28/10 - 3/11.

Alle husstander får tilsendt brosjyre med nye råd for egenberedskap.

På kommunehuset lager vi en utstilling om utstyr for egenberedskap og publiserer informasjon på vår nettside- og facebook. Er du forberedt når noe skjer? Det kan være lurt å ha en beredskapsvenn. Bjerkreim kommune arbeider med å oppdatere informasjon på nettsidene om beredskap.

Ta gjerne en titt! Gi beskjed dersom det er noe du savner informasjon om.





PEPPERKAKEBY

Bli med og bygg Bjerkreims egen pepperkakeby på samfunnshuset! Alle kan bidra - alle bidrag blir stilt ut.

Innlevering: Samfunnshuset lørdag 30. november kl. 10:00 - 12:00.

Åpent: På kulturdagen søndag 01.12 kl. 12.00 - 16.30 Premie til mest kreative bidrag.

Praktisk informasjon:

- Du kan bygge hus eller annet som passer i en by.
- Det er lov å bruke pepperkakehus - byggesett, så lenge du selv har pyntet det.
- Meld på bidraget ditt til 988 80 147, Bjerkreim kulturkontor, innen onsdag 27. november. Tregner ikke bilde, bare gi oppgi navn.
- Merk bidraget ditt med navn og telefonnummer.
- Byggverket må kunne flyttes på, og pass på at det tåler litt!
- De som vil ha bygget sitt tilbake, henter dette når kulturdagen er slutt. Resten blir dessverre kastet.

JULEGRANTENNING

Utenfor kulturbanken

Fredag 29.11. kl. 18.00.

Vi teller ned til lysa i juletre og julegate tennes. Gang rundt julestreet. Forsangere, teatergruppe og musikk fra Bjerkreim kulturskole.

Salg av mat v/ BIL Håndballgruppe, ute ved bålpanner eller inne i

Kulturbanken alt etter været. (Matsalg fra kl 17.30, pause i matsalg fra kl 18.00 - 18.20 mens vi går rundt julestreet).

Kle deg gjerne ut som nisse!

Arr: Bjerkreim kommune

KONSERT

Gudrun Skretting og Arve Moen

Bergset spiller konsert på Bjerkreim omsorgssenter søndag 24.11 kl.

16.30. Vakker musikk på piano og fiolin, gratis adgang. Åpent for alle, velkommen!



BJERKREIMSQUIZEN

Årets siste quiz:

Onsdag 20. november kl. 19.30 i kommunestyresalen.

Quizmaster: Andreas Osland.

Startkontingent kr. 50,-

Firemannslag. Me har plass til fleire!



KULTURDAGEN 2024

Tid: Søndag 01.12 kl. 14.00

Sted: Bjerkreim samfunnshus.

PROGRAM:

Dansere fra kulturskolen.

FLAKS sjongleringsgruppe.

Innsatspremier og kulturpris 2024.

Nisser med mandariner.

Aktivitetsrom for barn.

Matsalg v/ 9. trinn Vikeså skule.

Salg av kranser m.m. v/ Bjerkreim

Brukskunstforening.

Pepperkakeby.

Gratis adgang.

Ca kl. 15.15: Revy med Han Innante

Arr. Bjerkreim kommune



VILMA MED MUSIKK

Bjerkreim folkebibliotek

mandag 25. november kl. 18.00

Julefilmen «Tre menn til Vilma» har kinopremiere i 8. november.

Gudrun Skretting, forfattaren bak bøkene om Vilma, kjem til biblioteket. Ho har med bøker og piano og sin fiolinspelande mann, Arve Moen Bergset.

Funfact: Gudrun har slekt frå -og i -Bjerkreim.

Gratis adgang, åpent for alle og enkel servering.

Velkommen!

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!
Onsdag 6. nov: Busstur m/info gjennom vindparken til Jæren.
Væravhengig: Gåtur langs sjøen til Sirevåg og Fiskefruene med god fiskemat. Kvar betaler sin mat.
Avreise frå Esso kl. 9.30. Merk tida! Bussturen kostar kr. 100,- .
Arr. Fellesråd for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

JULEMØTE

Mandag 25. nov kl. 19.00
Hos Anne Rita Gudmestad.
Demonstrering /inspirasjon til julekranser og juledekorasjoner.
Kaffe, riskrem og julekaker.
Det blir utlodning av juledekorasjoner m.m.
Inngang kr. 100,-. Alle er velkommen.
Arr. Bjerkreim hagelag

SOSIAL KVELD

Bli med på sosial kveld mandag 11. november kl. 19.00.
Sted: Skjeraberget folkehelsehus.
Alle damer er velkommne til god drøs over kaffikoppen, med eller uten håndarbeid.
Arr. Bjerkreim bygdekinnelag

BASAR

På Bjerkreim bedehus fredag 15. nov. kl. 19.00. Tale ved Ludvig Bjerkreim. Song av Arild Øgreid.
Hovudtrekking og åresal, med m.a. kransekaker. Enkel servering.
Velkommen.
Arr. Bjerkreim NMS

PENSJONISTEN

Møte i Pensjonisten torsdag 28. november på samfunnshuset kl. 14.00.
Kåsør: Paul Hein Haneferd, Coops nye sjef.
Servering av gode smørbrød, kaker, kaffe og te. Loddsalg og kanskje en liten bilde-quiz. Inngang kr 50,-
Hjertelig velkommen.

DIRIGENT TIL TIRLA

Går du med en dirigentspire i magen? Tirla damekor ønsker dirigent til øvelser på torsdager fra kl. 19.30-21.00. Interessert? Ta kontakt med Marte Versland på tlf: 909 65 194.

BINGO

Bingo onsdag 13. november kl. 14.00 - ca.16.00 i peisestova på Vikeså misjonshus. Alle velkomne. arr. Bjerkreim hagelag.

LYS OVER LAND - MISJONSMØTE

Bjerkreim bedehus lørdag 2. november kl.19.30. Ove Eikje; mannen bak boka; «Da Gud grep inn!», talar. Song av duoen Reidun og Tom Asbjørn Østrem frå Frøytland, Feda. Kaffiservering!

JULEVERKSTED

Onsdag 20. november kl. 19.00.
Medlemskveld hos Anne Rita Gudmestad.Hver deltaker betaler for det de trenger hos Anne Rita. Lov å ta med seg egne ting. Påmelding til Liv Karin Strand, tlf. 917 29 184, innen 13. november.
Arr: Bjerkreim bygdekinnelag

SP MØTE

Fredag 8. november inviterer Bjerkreim Sp medlemmer og vener til sosialt lag i lillesalen på samfunnshuset.
Start kl. 19.30: Quiz, senterpartibasar- lått og løye - du vinn det du treng, men som du ikkje visste du trong + kake - kom og bli overraska, varm mat og musikk. Satser på fint besøk som kan fortelja noko nytt. Inngang 100 kr. Alle som tar med ein venn får eit lodd.
Arr styret i Bjerkreim Senterparti

SYSNELLENE

Velkommen til samsy-kveld hvor vi gjør gamle klær om til vesker og handlenett. Ta med eget prosjekt eller bli med å endre egne, gamle dongeribukser ved Olaug S. Johansen. Åpent for alle.
4. november kl. 18.30 på Skjeraberget folkehelsehus.

INTERNASJONAL

KVINNEGGRUPPE

Torsdag 14. november kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.
Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe, te og litt å spise.
Velkommen alle kvinner!

ÆTTESOGELAGET

Tid: Torsdag 7. november kl 19.00
Stad: Kommunehuset
Forteljing om, og video av Børge Ødegård (1910-2007), og eit videokåseri om korleis norskamerikanarar organiserte seg i USA. Alle velkomne!

BJERKREIM BEDEHUS

1. kl. 19.00 Samlivskurs
2. kl. 10.00 Samlivskurs
kl. 19.30 Møte Lys over land
3. kl. 11.00 Endelig søndag
kl. 11.20 Søndagsskule
4. kl. 18.30 Guttelaget og Jentelaget
5. kl. 19.30 Bønnemøte
6. kl. 09.30 Minsten
6.-8. kl. 19.30 Møteveke NLM
8. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff
9. kl. 19.00 Lørdagskveld, NLM
10. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM
kl. 11.20 Søndagsskule
11. kl. 19.00 Yngres
12. kl. 19.30 Bønnemøte
13. kl. 09.30 Minsten
15. kl. 19.00 Basar NMS
18. kl. 18.30 Guttelaget og Jentelaget
19. kl. 19.30 Logos
20. kl. 09.30 Minsten
kl. 17.30 Global kafe
24. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM
kl. 11.20 Søndagsskule
25. kl. 19.00 Yngres
26. kl. 19.30 Bønnemøte
27. kl. 09.30 Minsten
29. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff

VIKESÅ MISJONSHUS

01. kl. 20.00 Fredagsklubb
06. kl. 17.30 Global kafe
06. kl. 18.00 Bønnemøte
09. kl. 15.00 Basar
10. kl. 11.00 Søndagssamling og søndagsskule
11. kl. 19.00 YingRes og Korvett
13. kl. 14.00 Bingo
13. kl. 20.00 Samtalemøte
16. kl. 20.00 BKU
17. kl. 11.00 Gudsteneste
22. kl 20.00 Fredagsklubb
25. kl. 19.00 YingRes og Korvett
Barnekor kvar torsdag kl 17.00



VELKOMMEN TIL GUDSTENESENTER

Søndag 3. november kl. 19.30.

Minnegudstjeneste i Bjerkreim kyrkje
Diktlesing v/Kjellaug Bakke,
song v/Monika, Øystein og Gjermund
Vassbø.

Det blir lyttenning for dei som har gått
bort det siste året og namna blir lest høgt.

Søndag 10. november

Ikkje gudsteneste i soknet.

Søndag 17. november kl 11.00

G3-gudsteneste på Vikeså Misjonshus.

Søndag 24. november kl 11.00

Familiegudsteneste i Ivesdal kyrkje.
Lys Vaken deltek.

DØYPTE

22.09.24 Mia Bazanek Espeland
22.09.24 Noah Oftedal Reed
20.10.24 Sofie Sleveland

DØDE

23.09.24 Tor Atle Selbak
03.10.24 Kari Skjæveland
09.10.24 Josefina Bergljot Ivesdal

JULEHJELP I BJERKREIM

Julehjelpen består av en matkasse samt gaver som har blitt lagt under juletreet på Amfi i desember og innsamlede varer fra handlevogn på bl.a. Coop Extra Vikeså. Handlevognen blir stående fra 1. desember. Tiltaket er et samarbeid mellom kirken, kommunen og Frelsesarmeene og du som som trenger en ekstra støtte i julen er velkommen til å søke. For mer informasjon ta kontakt med diakon Ronny Myksovoll eller Anita Driftland på Mestringsenheten hos kommunen. Les mer her: bjerkreimkyrkja.no/julehjelp/

OBS: Søknadsfrist: 1. desember.

SØKNAD OM OFFER TIL LOKALE LAG

Soknerådet tildeler offer for 2025 i desember. Frist til å søkje om offer er 20. november. Send ein e-post til post@bjerkreimkyrkja.no

BARNESAMLINGER:

- 3 års samling 9. november kl. 10-12
- 4 års samling 30. november kl. 10-12

Dei barna som er i vårt register får invitasjon i posten, men alle barn i aktuell alder er velkommen.

LYS VAKEN

Laurdag 23. og sundag 24. er det duka for Lys Vaken i Ivesdal kyrkje. Då får alle barn på 4. trinn høve til å feira «nyttår» i kyrkja, vera lys vakne for kvarandre og for Gud! Alle 9-åringar (født 2015) i soknet er hjarteleg velkomne. Invitasjon kjem til alle medlemmar i posten.

JULEKONSERT - i år er det to!

Pga at mange aktørar ynskjer å delta på julekonserten og at det er så mange som ynskjer å vere publikum at det har vore litt trangt – prøver vi i år med to julekonsertar.

Begge er søndag 15. desember:
Kl. 16.30 og

kl. 18.30. Oversikt over dei ulike aktørane på kvar konsert kjem i desembernummeret.

Johannes openberring - våren 2025

Over nyttår vil Per Børge og Bjerkreimkyrkja ha ein temaserie over fire gudstenester om Johannes openberring.

- Skal eg vera ærleg, så trivs eg med å kunne gå grundigare inn i stoffet, slik som eg kan når me har temagudstenester. Men sjølv sagt likar eg familiegudstenester, G3-gudstenester og høgmesser òg, legg han til.

Stor interesse

- Eg er så heldig at eg har begynt å få nye veneher i Bjerkreim. Som prest i bygda kjem eg i prat med mange ulike menneske. No i det siste har eg lufta for ein del at vi har planar om å gå djupare inn i stoffet i Johannes openberring, og det har eg fått berre positiv respons på, fortel Per Børge som har brukt mykje av dei siste somrane til å arbeida med denne boka i Bibelen.

Ei merkeleg bok?

Johannes openberring er ei spesiell bok.

- Ja, det fins «bibelresarar» som berre må leggja den delen av Bibelen vekk for det verkar så vanskeleg. På den andre sida er det dei som vert heilt hekta og ser symbola rundt seg over alt. Og så er det alle oss andre som forstår litt, stykkevis og delt.

Per Børge vil ikkje seia at han berre vil formidla kunnskap om denne boka, men han vil prøva å **trengja inn i stoffet**. Sjå linjer og alt i lys av evangeliet. Han ynskjer og har stor tru på at her er det noko å finna for unge og gamle, uansett forhold til Bibel og kyrkja. Han håpar at alle som kjänner at dette er interessant, vil setja av desse datoane:

- 5. januar i Bjerkreim kyrkje
- 12. januar i Ivesdal kyrkje
- 26. januar i Bjerkreim kyrkje
- 02. februar i Ivesdal kyrkje

Undervisninga vil være lengre enn ei vanleg preike, kanskje rundt 50-55 minutt. Du treng ikkje å delta på alle for å få eit utbytte av samlingane, det går an å delta på ei eller to innimellom sidan preikene ikkje vert bygd på kvarandre.

Vel møtt!

PLANTEVERNKURS VÅREN 2025

Om du er ny bonde som har behov for sprøyte-bevis, eller har tatt kurset før og treng fornying, så arrangerer NLR-Rogaland dette på Landbruksenteret på Helleland:

• 1. gongskurs:

Dagane 6., 11. og 13. februar kl. 18.30 og laurdag 15. februar kl. 9.00 - 14.15.

• Fornying av autorisasjonsbevis:

Kveldskurs med undervisning
Måndag 10. og torsdag
13. februar kl. 18.30.

Påmelding og meir info hjå NLR Rogaland på

970 14 117, birgitt.harstad@nlr.no
eller <https://rogaland.nlr.no>

HØSTEN ER GODT I GANG - MED JAKT

Sauene er inne, løvet har skiftet farge og faller mot bakken, de fleste sommerklærne er pakket vekk og jaktklærne er tatt frem. Endelig. For mange startet dette med bukkejakten 10. august før hjortejakten startet den 1. september. I skrivende stund (16.10) er det blitt felt 15 rådyr (14 bukker, 1 geit), 45 hjort (18 kalv, 18 hind og 9 bukker) og ingen elg. Det er flott å se at folk er ute å jakter.

Samtidig så er det snart høringsfrist for kommunen å sende innspill til den nye **viltressursloven**, som skal erstatte dagens viltlov. Kommunens høringsinnspill er å finne under saker til LMT-utvalgets møte 23. oktober på kommunens hjemmeside. Oppsummert så er loven i et mer moderne språk og ganske så rund. Det vil nok komme flere forskrifter og holde oversikt over.

Det som er bra, er at fallvitarbeidet og kommunale etterstøk etter påkjørt vilt, og jaktetersøk som kommunen overtar, blir løftet frem. Kommunen har per i dag en solid gjeng som gyver på både tidlig og sent. All hyllest til disse.

Siste **høringsrunde om de kommunal målene** blir sendt ut i løpet av november, og forvaltningen håper at det kommer gode innspill. Dette dokumentet vil være styrende for hjorteviltforvaltningen de neste 3 - 5 årene.

Det er i gang et prosjekt med hensikt å kartlegge **beverhytter** i kommunen. Innspill på observasjoner tas imot med takk. Dette kan sendes på epost til anders.ofstaas@eigersund.kommune.no eller ringe/sendes melding til 476 95 914. Alle andre tider enn på høsten er døren min åpen, men nå er jeg å finne i skogen eller på fjellet, da min sommerferie tas ut nå.

Skadefelling, lisensjakt og kvotejakt

Jakten på ulven som herjet i Eigersund, Sokndal og Lund kommune har forsvunnet uten flere observasjoner. Det har vært en del spørsmål rundt dette med skadefelling og lisensjakt. Noe som er to forskjellige typer jakt, og med ulike kriterier som må oppfylles, for at de skal kunne gjennomføres eller at jegere skal kunne få delta.

En **skadefelling** slik som ble igangsatt i Sokndal, Lund og Eigersund, gis ekstraordinært av statsforvalteren etter søknad fra skadelidende person eller av en organisasjon som representere denne eller disse. Hensikten med en skadefelling er å ta ut enkelte individ(er) som har gjort eller

gjør skade på husdyr i en konkret situasjon. En skadefelling skal ikke være bestandsregulerende.

Den gjennomføres av det kommunale skadefellingslaget. I Dalane er det ett interkommunalt skadefellingslag med Arve Aarhus som skadefellingsleder. Et av kravene som stilles for å være med på skadefellingslaget, er at du har registrert deg som lisensjeger. Men en må også være en del av skadefellingslaget, da skadefelling ikke er lisensjakt.

Lisensfelling er når det felles store rovdyr som et tiltak for å forhindre fremtidig skade mot beitedyr, dempe lokale konflikter eller lignende.

I praksis er lisensfelling det samme som vanlig jakt, men lisensene kan variere fra år til år. For å kunne drive med lisensjakt må man være registrert som lisensjeger. Både bjørn, ulv og jerv kan felles via lisensfelling.

Forskjellen mellom lisensfelling og skadefelling er at lisensfelling kan brukes preventivt, for eksempel om et rovdyr etablerer seg i et område den ikke skal være.

Kvotejakt er egentlig vanlig jakt på en gitt kvote. Denne kvota begrenser maksimalt antall dyr som kan felles i hvert område hvert år. Av de fire store er det kun gaupe som kan jaktes via kvotejakt.

Oppdages det spor av interesse så ta kontakt med SNO sin rovvilktkontakt Øyvind Nesheim på telefon: 48205104

Skitt jakt videre!

INFORMASJON

GO Consult
Olav Engelsgjerd
Tlf. 906 99 409
post@goconsult.net



fjoscam.no

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv

MYKSVOLL
MIKROBRENNERI

ALLE ØNSKER SEG
NYBRENT KAFFE

frå Bjerkrei'

INFORMASJON

Gitar og Handverk DA

Gitarreperasjoner og rekvisita

Blomsterdekor til alle anledninger, materiell

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså

Følg oss gjerne på gitaroghandverk

Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450



ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.

Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså

Tlf 924 69 775 / 4000 3150

solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT NO
FOTOSTUDIO RAMMEVERKSTED
Han med hatten
FOTOGRAF KAI TORE VIK
POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDDALEN 95

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

Svein Kjetil Fosse
tar over som
fastlege ved nyttår
etter Barbara Widera.

coop
Vikeså

coop
byggmix

EXTRA

coop
prix

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man- Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Eigersund
Dyreklinikk

Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222

Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

Fardal Bil AS

DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00
www.fardalbil.no